



# Årsrapport 2023

## Nasjonalt parkstyret for Reinheimen



# Kolofon

## Utførende institusjon

Nasjonalparkstyret for Reinheimen

## Kontaktperson

Sekretariatet

## Utgivar

Nasjonalparkstyret for Reinheimen

## Forfattar(e)

Kristine Sørli og Mari Melbø Rødstøl

## Tittel – norsk og engelsk

Årsrapport 2023  
Nasjonalparkstyret for Reinheimen

## Samandrag – summary

Reinheimen nasjonalpark med landskapsvernområda Ottadalen, Finndalen, Lordalen, Romsdalen, Trollstigen og Tafjorden-Reindalen og Bretttingsmoen naturreservat, vart oppretta i 2006. I 2020 fekk Nasjonalparkstyret overført forvaltningsmyndigheit for 4 ytterlegare naturreservat; Muldalslia, Slettsvaet, Vermedalen og Einstullie. Nasjonalparkstyret for perioden 2019-2023 vart oppnemnd av miljødirektoratet i brev av 03.03.20. Det er tilsett to nasjonalparkforvaltarar som utgjer sekretariatet for nasjonalparkstyret, og som står for den daglege drifta av verneområdet. Forvaltarane er tilsett av Statsforvaltaren i Innlandet, men er lokalisert på kvar sin side av verneområdet, med kontor plass på Norsk fjellsenter i Lom og på Norsk tindesenter i Åndalsnes. Årsmeldinga gir ei framstilling av nasjonalparkstyret sitt arbeid i 2023, saksmengda, aktuelle tiltak og prosjekt, om bruken av områda, og dei naturfaglege tilhøva og forvaltningsmessige utfordringar i Reinheimen og tilhøyrande landskapsvernområde.

Framsidedfoto: *Krokuttjønne i Reinheimen nasjonalpark, Mari Melbø Rødstøl*

# Innhold

<b>1 Verneområda - status</b> .....	<b>4</b>
<b>2 Aktører i verneområda</b> .....	<b>4</b>
2.1 Nasjonalparkstyret .....	4
2.2 Nasjonalparkforvaltarar .....	5
2.3 Naturoppsynet .....	6
2.4 Andre sentrale myndigheiter .....	7
2.5 Bruken av verneområda.....	7
2.6 Sentrale dokument .....	10
<b>3 Arbeid i nasjonalparkstyret</b> .....	<b>11</b>
3.1 Møter og saker .....	11
3.2 Økonomi .....	13
3.3 Ulovlege tiltak, regelbrot .....	14
3.4 Andre utval.....	15
<b>4 Informasjonsarbeid</b> .....	<b>17</b>
<b>5 Tiltak og prosjekt</b> .....	<b>18</b>
5.1 Kløvstien .....	18
5.2 Besøkssenter for Reinheimen – Norsk Tindesenteret .....	22
5.3 Innfallsport ved Trollveggen, Eiafossen. ....	23
5.4 Slettvikane .....	24
<b>6 Skjøtsel</b> .....	<b>25</b>

# 1 Verneområda - status

Reinheimen nasjonalpark og landskapsvernområda Ottadalen, Finndalen, Lordalen, Romsdalen, Trollstigen og Tafjorden-Reindalen, og Brettingsmoen naturreservat vart oppretta i statsråd 24.11.2006.

Verneforskriftene set dei juridiske rammene for forvaltningsplanen. Forvaltningsplanen for Reinheimen vart godkjend i 2010, og utarbeidd i to fasar med brei prosess i alle dei 6 kommunane; Skjåk, Lom, Vågå, Lesja, Rauma og Norddal (Fjord). Forvaltningsplan trekkjer opp retningslinjene for forvaltning av verneområda, og presiserer og utdjupar verneforskriftene. Forvaltningsplan tek og omsyn til krav om likebehandling i saker av lik karakter. Formålet med vernet er retningsgjevande for forvaltninga av områda.

Miljødirektoratet har frå 01.03.2020 delebert forvaltningsmyndigheit til Nasjonalparkstyret for 4 naturreservat:

Forskrift 27. juni 2003 nr. 827 om vern av Muldalslia naturreservat i Fjord kommune

Forskrift 27. juni 2003 nr. 834 om vern av Slettsvaet naturreservat i Rauma kommune

Forskrift 17. desember 1999 nr.1443 om vern av Vermedalen naturreservat i Rauma kommune

Forskrift 25. januar 2013 nr. 104 om vern av Einstullie naturreservat i Skjåk kommune

Oppsynsarbeid, skjøtsel, rettleiing og informasjon skal fremje formålet med vernet.

## 2 Aktørar i verneområda

### 2.1 Nasjonalparkstyret

Forvaltningsmyndigheita for Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde vart overført frå kommunane; Skjåk, Lom, Vågå, Lesja, Rauma og Norddal, til nasjonalparkstyret for Reinheimen, hausten 2012.

Nasjonalparkstyret vart oppretta i 2013, der Miljøverndepartementet oppnemnde representantar til nasjonalparkstyre. Nasjonalparkstyret består av ein representant frå kvar kommune og fylkeskommune med areal i verneområda, og ein representant frå

Reinheimen- Breheimen Villreinutval. Funksjonsperioden for styret følgjer kommunestyre- og fylkestingsperioden.

Miljødirektoratet oppnemnde representantar til nasjonalparkstyre for perioden 2020-2023 i brev 03.03.2020. Nasjonalparkstyret for Reinheimen konstituerte seg i styremøte 18.mars 2020.

Styret for perioden 2020-2023:

Rolle	Ordinært medlem	Varamedlem	Representantar
<b>leiar</b>	Per Magnus Berdal	Laila Olsen	Fjord kommune
<b>nestleiar</b>	Bjarne Eiolf Holø	Marit Sletten	Lom kommune
<b>styremedlem</b>	Edel Kveen	Morten Kielland	Skjåk kommune
<b>styremedlem</b>	Live Langøygaard	Harald Svee Bjørndalen	Vågå kommune
<b>styremedlem</b>	Mariann Skotte	Per Inge Skotte	Lesja kommune
<b>styremedlem</b>	Magnhild Vik	Torbjørn Bruaset	Rauma kommune
<b>styremedlem</b>	Inger Line Flydal	Jo Trygve Lyngved	Reinheimen-Breheimen villreinutval
<b>styremedlem</b>	Torbjørn Rødstøl	Inger Johanne Tafjord	Fylkestinget i Møre og Romsdal
<b>styremedlem</b>	Hans Kristian Enge	Hanne Velure	Fylkestinget i Innlandet

Arbeidsutvalet (AU-Reinheimen) er oppretta med følgjande medlemmar:

Rolle	Ordinært medlem
<b>leiar</b>	Per Magnus Berdal
<b>nestleiar</b>	Bjarne Eiolf Holø
<b>medlem</b>	Mariann Skotte
<b>varamedlem</b>	1. vara Magnhild Vik 2. vara Edel Kveen

Personalansvar for sekretariatet, arkiv- og økonomifunksjon til nasjonalparkstyret for Reinheimen ligg hos Statsforvalteren i Innlandet.

## 2.2 Nasjonalparkforvaltarar

To nasjonalparkforvaltarar utgjer sekretariatet til Nasjonalparkstyret for Reinheimen. *Kristine Sørli* har vore tilsett som nasjonalparkforvaltar sidan 2014, med kontor på Norsk fjellsenter i Lom. *Mari Melbø Rødstøl* vart tilsett våren 2020, og er lokalisert på Norsk Tindesenter i Åndalsnes. Sjølv om nasjonalparkforvaltarane er tilsett administrativt hos Statsforvaltaren i Innlandet, er sekretariatet underlagt nasjonalparkstyret i forvaltninga av verneområda. Statsforvaltaren har det administrative ansvaret for nasjonalparkforvaltarane, men ingen instruksjonsrett når det gjeld sekretariatet sitt

arbeidet for nasjonalparkstyret. I samråd med nasjonalparkstyret, kan statsforvaltaren nytte nasjonalparkforvaltaren til andre arbeidsoppgåver om behov.

Nasjonalparkforvaltarane skal gjennom si sakshandsaming bidra til at styret forvaltar områda i samsvar med naturmangfaldlova og verneforskriftene, og følgje forvaltningslova sine regler. Forvaltarane legg fram saker til behandling i styret, driv skjøtsel- og informasjonsarbeid, økonomioppfølging og held kontakt med brukarar av verneområda.

I vedtektene til Nasjonalparkstyret, kap. 6., står det følgjande om Nasjonalparkstyret sitt sekretariat:

*«Sekretariatet for nasjonalparkstyret består av ein eller fleire nasjonalparkforvaltar(ar) som vert tilsett av fylkesmannen i Innlandet og i dialog med styret. Fylkesmannen har personalansvaret for nasjonalparkforvaltaren(ane)»*

## 2.3 Naturoppsynet

Statens naturoppsyn (SNO) er den utøvande og kontrollerande delen av forvaltninga av verneområda. SNO skal ikkje drive forvaltning, men skal følgje opp miljølovgjevinga og vedtak fatta av nasjonalparkstyret og andre offentlege myndigheiter. SNO sine oppgåver spenner frå kontroll, overvaking og informasjon, til skjøtsel og tilrettelegging i verneområda. SNO har også mange oppgåver knytt til artar som villrein, laks og fjellrev, og ikkje minst registrering, dokumentasjon og felling av store rovdyr.

SNO er organisert som ein del av Miljødirektoratet, med den administrative staben i Trondheim og lokalkontor rundt om i heile landet. Per Olav Haugen og Thomas Rødstøl er tilsett i SNO med Reinheimen som hovudområde. Per Olav Haugen har kontor i Bismo i Skjåk, og Thomas Rødstøl har kontor på Åndalsnes i Rauma.

I tillegg kjøper SNO i Reinheimen tenester av fjellstyra og andre etter behov. Tenestekjøp omfattar både tilsyn og utføring av tiltak. For Reinheimen blir det kjøpt tenester av fjellstyra i Lesja, Finndalen og frå Skjåk Almenning (privat bygdeallmenning). SNO i Reinheimen bruker ein stor del av si arbeidstid på bestandsovervaking, og spesielt jerv. I tillegg er villreinoppsyn under reinsjakta og villreinteljingar høgt prioritert arbeid i Reinheimen.

Nasjonalparkforvaltarane og SNO har årlege møte i samband med bestillingsdialogen/tiltaksmidlar og bestilling av tenester frå SNO. Det er viktig at forvaltarane har eit godt samarbeid med SNO, for å halde kvarandre godt oppdatert om forhold i verneområdet.

## 2.4 Andre sentrale myndigheiter

Det er også andre myndigheiter som påverkar både bruk og tilrettelegging av verneområda. Kommunane Skjåk, Lom, Vågå, Lesja, Rauma og Fjord har alle areal innanfor verneområdet. Politisk er desse representert med kvart sitt medlem i nasjonalparkstyret. I tillegg har Reinheimen-Breheimen villreinutval ein representant i styret. God dialog med villreininteressene er særleg viktig for å ivareta villrein sitt leveområde. Kommunane har myndigheit etter plan- og bygningslova og motorferdselslova. I enkelte saker må søkjarane avklare søknad om løyve til køyring både etter reglane i verneforskrifta og generelt lovverk (plan- og bygningslova eller motorferdselslova). Administrativt kontaktutval, oppretta i 2013, held fram i Reinheimen. Utvalet er samansett med ein administrativt tilsett frå kvar kommune og fylkeskommune, og ein frå besøkssenter nasjonalpark. Utvalet skal bidra til best mogleg kommunikasjon mellom administrativt nivå for nasjonalparkstyret, kommunane og fylkeskommunane.

Fylkesmennene (no statsforvalteren) hadde forvaltningsmyndigheit for verneområda fram til oppretting av kommunal forvaltning/KUR i 2007 og nasjonalparkstyret i 2013.

Forvaltarane er og organisert i eiga forvaltarteam under Naturmangfald og verneområder hjå Statsforvalteren i Innlandet. Det er 13 forvaltarar i Innlandet, i tillegg deltar 5 eksterne forvaltarar som er tilsett i Vestland og Trøndelag.

Statsforvalteren har også klagerett på vedtak som vert fatta av nasjonalparkstyret.

Fylkeskommunane er representert politisk i nasjonalparkstyret og i administrativt kontaktutval. I tillegg har fylkeskommunen myndigheit etter kulturminnelova og fagkompetanse knytt til kulturminneskjøtsel, restaurering og bygningsfagleg kompetanse.

## 2.5 Bruken av verneområda


Reinheimen er villmark og brukspark, med interesser knytt til tradisjonell lokal og regional bruk som jakt, fiske, beitebruk, seterdrift og landbruksnæring. Dette fører til behandling av ein relativt stor mengde enkeltsaker, særleg søknader om motorisert ferdsel og byggesaker.

Det er god forståing og liten konflikt mellom verneinteresser og landbruk innan verneområdet. For å ivareta verneverdiane er det viktig at vernemyndigheita har eit godt samarbeid med dei ulike brukeinteressene og private aktørar i området.

Reiselivet i verneområda knytt til Reinheimen er beskjeden, men kjende attraksjonar som Trollveggen og Trollstigen står likevel i ei særstilling, der besøkstalet over Trollstigplatået og nasjonal turistveg rv. 63 er over 1 mill. i året. Det vart utarbeidd ein moglegheitsstudie for Innfallsport til nasjonalparken i Rauma i 2021, og tiltaka som er foreslått i rapporten starta opp i 2022 med vidareføring i 2023.

## Brukarundersøking

I Reinheimen vart det i trå med Miljødirektoratet si tilråding gjennomført brukarundersøkingar i 2022 (Veileder M-930|2018). Undersøkinga er basert på kasseundersøking der det er samla inn **3548 svarskjema** fordelt på **20 innfallsportar** kring verneområda. NINA fekk oppdrag om å gjennomføre etterundersøking og analyse, som er presentert i NINA Rapport 2294. NINA presenterte resultatane på eit ope møte på Norsk fjellsenter 05.06.23 og for Nasjonalparkstyret på arbeidsmøte 26.06.23 på Aak Hotel.



Figur 1. Kartet viser de 20 kasselokalitetene i Reinheimen sommeren 2022 (Kilde: nasjonalparkstyret for Reinheimen).

Brukarundersøkinga i Reinheimen frå sommaren 2022 viser at det er mange utanlandske turistar som kjem til innfallsportane til nasjonalparken, og at mange besøkjer området for fyrste gong. Førre besøksundersøking i Reinheimen var i 2011 og den største endringa frå sist undersøking, er at det kjem fleire førstegongsbesøkande til områda.



Ei anna endring etter litt over 10 år, er ei auke av besøkjande frå andre land, men her er det store forskjellar mellom dei ulike innfallsportane til nasjonalparken.

Sjølv om undersøkinga i 2022 dokumenterer at det er store endringar i besøkstal og type besøkjande, viser undersøkinga at det er utanfor eller i randsona til nasjonalparken at besøket aukar. Kjerneområda lenger inn i Reinheimen nasjonalpark har framleis eit urørt preg med liten grad av tilrettelegging, og få besøkande. Kunnskap om dei besøkande kjem godt med, da nasjonalparkforvaltninga skal revidere forvaltningsplanen for verneområdet.



Resultat frå Brukarundersøkinga er lagt ut på NINA sine nettsider og på nasjonalparkstyret si nettside:

[www.nasjonalparkstyre.no/Reinheimen/:](http://www.nasjonalparkstyre.no/Reinheimen/)

<https://www.nasjonalparkstyre.no/Reinheimen/nyheter/turistane-stroymer-til-innfallsportane-i-reinheimen-og-mange-for-fyrste-gong>

[www.nina.no:](http://www.nina.no)

<https://www.nina.no/Om-NINA/Aktuelt/Nyheter/article/ferske-turister-inntar-reinheimen-nasjonalpark>

### Ferdelsregistrering - frå SNO rapport 2023

Etter bestilling frå nasjonalparkstyret ble det i 2023 sett ut ferdselsteljarar av SNO i på Kløvstien og på turstigane inn til Pyttbua.

Plassering	Dato	Antall totalt
<b>Kløvstien nedre</b>	22.05 - 01.11	3266
<b>Kløvstien øvre</b>	05.06 - 01.11	4005
<b>Puttbudalen</b>	06.06 – 26.09	3210
<b>Tunga</b>	06.06 - 26.09	613

## 2.6 Sentrale dokument

**Naturmangfaldlova** vart sett i kraft 01.juli 2009, og erstattar Naturvernlova frå 1970. Vedtak fatta etter Naturvernlova er framleis gjeldande, men naturmangfaldlova har sett ein del nye kriteria til saksbehandling (vurdering av miljørettslege prinsipp etter §§ 8-12) og generelle unntaksreglar i verneforskriftene er erstatta av §48 i naturmangfaldlova.

**Verneforskrifter** for Reinheimen nasjonalpark, Ottadalen, Finndalen, Lordalen, Romsdalen, Trollstigen, Tafjorden-Reindalen landskapsvernområder og Brettingsmoen naturreservat, vart sett i kraft 24.11.2006.

Frå 01.03.2020 fekk nasjonalparkstyret utvida forvaltningsmyndigheit med naturreservata, Muldalslia, Slettsvaet, Vermedalen og Einstullie.

**Forvaltningsplan** for Reinheimen vart vedteken i mars 2010, og nasjonalparkstyret gjorde vedtak om å sette i gang revisjonsarbeidet med oppstartsmelding til partar i verneområdet 12.04.2023, sak ST 9/2023. Det kom inn 8 innspel som blir teke med vidare i prosessen. Det er også presisert at det vil bli mogleg å gje innspel undervegs i prosessen.

Nasjonalparkstyret har i møte 27.10.23 i sak 44/2023, godkjent prosjektplan og lagt til grunn framdriftsplan for vidare arbeid, som vist i tabellen under:

<i>Planarbeid – «Forvaltningsplan på nett» Dialog med administrativt kontaktutval og fagmiljø undervegs</i>	<i>2022-2024</i>
<i>Informasjon/dialog med ulike brukarinteresser. Møte ved behov</i>	<i>Vinter/vår 2024</i>
<i>Tilbod til kommunane om informasjonsmøte</i>	<i>Vår 2024</i>
<i>Opne møte og eventuelle synfaringar for aktuelle tema</i>	<i>Sommar/haust 2024</i>
<i>Nasjonalparkstyret – planutkast før oversending til fagleg gjennomgang</i>	<i>Haust 2024</i>
<i>Fagleg gjennomgang i Miljødirektoratet</i>	<i>Haust 2024</i>
<i>Eventuell justering av planutkast</i>	<i>Haust 2024/vinter 2025</i>
<i>Høyring av planutkast godkjent av direktoratet</i>	<i>Vinter 2025</i>
<i>Oppsummering av høyringsuttaler og planbehandling i NP-styret</i>	<i>Vår/sommar 2025</i>
<i>Eventuell andre høyringsrunde / avgrensa høyring på endringar</i>	<i>Haust 2025</i>
<b>Godkjenning av plan</b>	<b>Utgangen av 2025</b>

**Besøksstrategi** for verneområda i Reinheimen vart vedtatt på styremøte 02.12.2019, og endeleg godkjent av Miljødirektoratet 18.12.2019:

[https://www.nasjonalparkstyre.no/uploads/files\\_reinheimen/Besøksstrategi-for-Reinheimen.pdf](https://www.nasjonalparkstyre.no/uploads/files_reinheimen/Besøksstrategi-for-Reinheimen.pdf)

Besøksstrategien er eit vedlegg til forvaltningsplan og besøksforvaltning blir eit eiga tema i revidert forvaltningsplan.

## 3 Arbeid i nasjonalparkstyret

Nasjonalparkstyret består av representantar som er geografisk spreidde og med andre politiske verv i tillegg. Det er i utgangspunktet lagt opp til minimum 4 fysiske møte i løpet av året. Ved behov vert arbeidsutvalet (AU) nytta for å behandle dispensasjonssaker som ikkje er delegert til forvaltar, men som krev politisk behandling. Det er vidareført praksis om å gjennomføre fleire styremøte på Teams, og ha fysiske møte i barmarkssesong i kombinasjon med synfaringar, og møte med t.d. Rådgjevande utval. Tabellen under viser at det er gjennomført 5 møte på Teams og 3 fysiske møte i 2023.

### 3.1 Møter og saker

Møtenr.	Møtedato	Møtestad
1	15.02.23	Teams
2	13.03.23	Teams – AU-møte
3	31.03.23	Teams
4	05.05.23	Teams
5	26. - 27.06.23	Arbeidsmøte 26. på Åndalsnes og styremøte 27. i Valldal
6	26. - 27.10.23	Rådgjevande utval 26. og styremøte 27. på Åndalsnes
7	30.11- 01.12.23	Styremøte med avslutning, Villa Vågå Hotel
8	11.12.23	Teams – AU-møte

Nasjonalparkstyret for Reinheimen hadde **6 møte** i 2023, og behandla **51 saker**

Arbeidsutvalet i Reinheimen (AU) hadde **2 møte** i 2023, og behandla **2 saker**.

Forvaltarane har i medhald av delegert myndigheit gjort administrative vedtak i **48 saker**.

Under er ei samla oversikt over registrerte vedtak i nasjonalparkstyret, arbeidsutvalet eller delegerte vedtak, fordelt etter sakstype:

Type saker	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Administrative saker/generelle vedtak	18	29	24	22	23	24	24	30	22
Vedtak om motorferdsel, inkl. drone	72	72	43	38	32	48	84	47	46
Vedtak om tilrettelegging (bygg, anlegg, bru, inngjerding, stiar o.l.)	16	15	11	14	10	14	12	11	17

Vedtak om plassering båtar, lavvo, garnkasse	3	3	2	4	2	3	1	2	1
Vedtak om arrangement, ferdsel	1			3	2	3	0	2	3
Generelle uttaler	3					1	0	0	2
Vedtak om plan og planarbeid	2		1	2		1	5	3	3
Vedtak om økonomi	2	2	2	2	2	2	2	4	2
Klagebehandling	1		1	4	2	0	6	2	0
Andre tiltak, merkeordning	3	7	6	1	4	2	8	7	1
<b>Sum</b>	<b>121</b>	<b>128</b>	<b>90</b>	<b>90</b>	<b>76</b>	98	142	108	97

Saksmengda går fram av tabellen over, som viser at det er relativt mange enkeltsaker som nasjonalparkstyret behandlar i løpet av året. Alle enkeltvedtak skal registrerast i miljøvedtaksregisteret seinast 3 dagar etter at partane er underretta om vedtaket, jf. Forskrift om Miljøvedtaksregisteret: <http://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2013-06-14-643>

Reinheimen skil seg ut med eit relativt høgt tal på inngrepssaker som bygg, anlegg, bru, gjerde, sti o.l. Søknader om motorisert ferdsel i verneområde er relativt forutsigbart og stabilt. Det er søknader om bruk av drone som har auka noko siste åra. Bruk av drone viser seg å være eit godt hjelpemiddel, og miljødirektoratet har i brev 06.03.19 gjeve nasjonalparkstyra råd om behandling av slike type saker. Miljødirektoratet viser i sitt brev til at det er tilstrekkeleg regulering for å vurdere søknader om dronar i dei fleste verneområde, men at det med fordel kunne vært brukt omgrep som "drone" i staden for "modellfly og liknande", jf. § 3, pkt. 7.2 Støy. Eventuelle forskriftsendring må vurderast i lys av det generelle arbeidet med standardisering og forenkling av forskriftsmalane. Miljødirektoratet skriv at det foreløpig ikkje er aktuelt å revidere forskriftene på dette punktet utan at det skjer i samband med andre nødvendige endringar av verneforskriftene.

### Endring av verneforskrift

Endring av verneforskrift for Reinheimen nasjonalpark, (sak 2017/1242):

Det er i Meld. St. 18 (2015-2016), foreslått og å opne for sykling på vegar og stigar i nasjonalparkar og landskapsvernområda. Arbeidet stoppa opp i 2017, og miljødirektoratet signaliserte framleis at arbeidet ikkje vil bli prioritert da KLD framleis jobbar med nye malar for verneforskrifter.

## 3.2 Økonomi

Kvart år vert det søkt om tiltaksmidlar til gjennomføring av tiltak i Reinheimen.

Nasjonalparkstyret meldte inn behov for kr. 2 730 000,-, men fekk tildelt kr. 2 000 000,- til tiltak i verneområdet for 2023. Tabellen under gir ein oversikt over forbruk i 2023.

Tiltaksmidlar for 2023 (Kap 1420 Post 31)	Tildeling	Merknad	Regnskap	Gjennomføring, samarbeidsaktør
<b>SKJØTSESLILTAK</b>	<b>220 000</b>			
<i>Romsdalen lvo, Selen, Gravdehaug, Horgheimseter, Vermedalen</i>			117 800	<i>Kim.D.Hersel Sogge Geir Hanekamhaug Gro Suvatne Naturvernforbundet Marius Remmem</i>
<i>Finndalen lvo, Sterringen</i>		<i>Nofence geit, Gammel Sterringen</i>	50 000	<i>Mona og Arild Fallingen</i>
<i>Lordalen lvo, Bjøknesetra</i>		<i>Slått</i>	10 500	<i>Kent Nyløkken</i>
<b>TILRETTELEGGING OG INFORMASJON</b>	<b>1 780 000</b>			
<i>Slettvikane</i>	380 000	<i>Grunnarbeid ny do</i>	380 000	<i>Møre og Romsdal FK</i>
<i>Tindesenteret - infopunkt</i>	250 000	<i>Grunnarbeider, benker/bord cortenstål info.plakater m.m</i>	273 818	<i>Norsk Tindesenter, Optimera Rauma, Trollbinde AS</i>
<i>Trollveggen – tilrettelegging, sti</i>	200 000	<i>Prosjektleiing, sårbarhets- kartlegging</i>	127 500	<i>Anunatak, Miljøfaglig Utredning</i>
<i>Kløvstien – ny rasteplass/infopunkt, arbeid på etablert tursti</i>	420 000	<i>Grunnarbeider, toalett, nytt infopkt., stikurs, reparasjon av sti/bru,</i>	451 445	<i>Frank Sæther AS, Biorolla AS, Optimera AS, J.O. Moen AS, Rauma Bygdeservice, NySti, Romsdal Glass og Lås</i>
<i>Kløvstien – flom og skredrapport, informasjonsmateriell</i>	200 000	<i>Flom og skredrapport, Grafisk arbeid Plakat og brosjyre</i>	191 303	<i>Skred AS, Anunatak AS</i>
<i>Kløvstien – driftutgifter nytt toalett, arbeid på tursti</i>	30 000	<i>Drift Kløvstien</i>	30 000	<i>Terje Hole, Harry Aure</i>

<i>Gjennomføring besøksstrategi - div</i>	300 000	<i>9 skilti cortenstål, rekkverk mm, foto plakat/nettside, skuleopplegg VR-film</i>	287 061	<i>Solvang Dekorbyrå, Bygger'n Skjåk, Vegard Løddøen, Ragnhild Bakke, Norsk fjellsenter</i>
<i>Ferdast</i>		<i>Spleis på drift</i>	50 000	<i>Langsua</i>
<b>SUM Post 31</b>	<b>2 000 000</b>		<b>1 969 427</b>	
			<i>30 573</i>	<i>ubrukt</i>

Nasjonalparkstyret får tildelt budsjettmidlar til drift, og planarbeid etter årleg søknad. Driftsmidlane vert tildelt Statsforvalteren i Innlandet, som fører rekneskapen på vegne av nasjonalparkstyret. Drift av sekretariatet, inkl. leige av kontor kjem i tillegg, og inngår i budsjettet til Statsforvalteren i Innlandet.

Drift (Kap 1420 Post 21)		Budsjett	Rekneskap
<b>Sekretariat, Statsforvalteren i Innlandet</b>	kontorhald, reiser, m.m. utanom løn	<i>Ikkje eiga budsjett</i>	<i>Inngår i Sf sitt budsjettregnskap</i>
<b>Nasjonalparkstyret -drift</b>	Reise- og møtegodtgjersle Reiseutgifter rådgjevande utval, Administrativt kontaktutval	<b>400 000</b>	<b>424 738</b>
			<i>overforbruk - 24 738</i>
<b>BRUKERUNDERSØKING Reinheimen 2023</b>	Etterundersøking, analyse, rapport, NINA	150 000	150 000
<b>Sårbarhetsanalyse Kløvstien</b>	<i>Miljøfagleg Utredning AS</i>	40 000	<i>55 000</i>
<b>Forvaltningsplan, revisjon</b>	<i>Dagseminar Norsk fjellsenter 05.05.23</i>	50 000	<i>24 885</i>
<b>SUM</b>		<b>240 000</b>	<b>229 885</b>
			<i>ubrukt 10 115</i>

### 3.3 Ulovlege tiltak, regelbrot

Det følger av Nasjonalparkstyret for Reinheimen sine vedtekter, at styret har eit sjølvstendig ansvar for å følgje opp brot på vernereglane.

I 2023 har styret har nokre saker om oppfølging av ulovlege forhold i verneområdet, mellom anna brot på vilkår i vedtak, og inngrep utan vedtak om dispensasjon. Nasjonalparkstyret sendte over ei byggesak til miljødirektoratet for vurdering av lovbrotsgebyr etter Nml § 74, der direktoratet vedtok å gje lovbrotsgebyr. Vedtaket ble påklaga, men Klima- og miljødepartementet stadfesta vedtaket til miljødirektoratet, og oppretthaldt vedtaket om lovbrotsgebyr i brot på vilkår i byggesak i Finndalen Ivo.

Oversikt over avvik og anmeldelser rapportert av SNO i tabellen under.

Årstall	Anmeldt	Avvik - Rapport til forv. Mynd	Mindre avvik rapportert til forv.mynd	Ingen avvik
2013	3	14	3	10
2017		2		
2019			5	7
2020		1	2	2
2021	1		2	
2022	1	1		3
2023	1	5		6
<b>SUM</b>	<b>5</b>	<b>18</b>	<b>12</b>	<b>22</b>

### 3.4 Andre utval

#### Rådgjevande utval for Reinheimen

Består av representantar for dei ulike interessene i området; grunneigarar, andre offentlege organ, fjellstyre, næringsliv, frivillige organisasjonar, m.a. natur- og miljøorganisasjonar og liknande.

Rådgivande utval	
Allskog	Romsdal Reiseliv
Norrdal fjellstyre	Visit Nordvest
Grytten fjellstyre	Ræin/Naturopplevingar
Lesja fjellstyre	Visit Jotunheimen
Finndalen fjellstyre	Guide Romsdal
FNF Møre og Romsdal	Norsk fjellsenter
FNF Møre og Romsdal	Norsk Tindesenter
FNF Innlandet	Norrdal sogelag
FNF Innlandet	Oppland bonde- og småbrukarlag
Grunneigarrepresentant Lesja	Innlandet Bondelag
Grunneigarrepresentant Lom/Vågå	Rauma elveigarlag
Grunneigarrepresentant Fjord	Rauma historielag
Grunneigarrepresentant Rauma	Skjåk allmenning
Bane Nor	Nye veier
Mjøsen Skog	Statens Vegvesen
Møre og Romsdal bonde- og småbrukarlag	Statskog SF
Møre og Romsdal Bondelag	Tafjord Kraft / Rauma Energi
Visit Jotunheimen AS	Sunnmøre Turisforening
Nasjonalparkriket Reiselivslag AS	Romsdal Reiseliv
Norrdal sogelag	Visit Nordvest
Oppland bonde- og småbrukarlag	Ræin/Naturopplevingar

Innlandet Bondelag	Visit Jotunheimen
Rauma elveeigarlag	Guide Romsdal
Rauma historielag	Norsk fjellsenter
Skjåk allmenning	Norsk Tindesenter
Nye veier	Tafjord Kraft / Rauma Energi
Statens Vegvesen	Sunnmøre Turisforening
Statskog SF	

Det vart gjennomført møte med rådgjevande utval 26.10.23 på Åndalsnes, i samband med markering av at Norsk Tindesenter ble autorisert besøkssenter nasjonalpark i 2023. 20 deltok på møte, der 9 representerte rådgjevande utval. Referat og presentasjonar frå møtet ligg på nettsida til nasjonalparkstyret:

<https://www.nasjonalparkstyre.no/Reinheimen/styret/radgjevande-utval-26-oktober-2023>

### **Administrativt kontaktutval for Reinheimen**

Består av 9 personar, med representantar frå kommuneadministrasjon, fylkeskommunen og besøkssenteret. Det ble ikkje halde eiga møte med kontaktutvalet i 2023, men Adm. kontaktutval ble invitert til dagseminar om *Reinheimen og villrein* i Lom 5.juni, og til møte med rådgjevande utval 26.oktober. Forvaltarane har jamleg kontakt med kommuneadministrasjon i samband med førebuing av enkeltsaker, særleg det som gjeld motorferdsel og byggesaker.

### **Forvaltarteam Innlandet**

Forvaltarane i Innlandet har møte på Teams kvar onsdag, der og forvaltarar i Vestland og Trøndelag som deler verneområde med oss i Innlandet, også er invitert til å delta. Møta starta som ein uformell «kaffeprat» for dei som sit langt frå kollegaer, og behovet auka under pandemien med krav om heimekontor. Etterkvart er dette ein viktig møteplass med låg terskel for å ta opp felles saker og aktuelle problemstillingar. Leiar for naturmangfald og verneområde hjå Statsforvalteren i Innlandet, deltek også i møta.

Forvaltarane har og minst ei fysisk forvaltarsamling, som i 2023 var lagt til Fulufjellet nasjonalpark 24.-25.august. Fleire forvaltarar deltok og på Embetssamling med påfølgande felles arbeidsdag på Rosenlund 7.-8.desember.

I tillegg har sekretariatet deltatt på Miljøfagkonferansen i Trondheim 17.-18.okt., Klimakonferansen for Innlandet på Hamar 8.-9.nov. og andre relevante Webinar som blir arrangert av NINA, Miljødirektoratet og andre aktørar.



## 4 Informasjonsarbeid

### Informasjonspunkt

Det er 18 informasjonspunkt med informasjonsplakatar kring Reinheimen. I tillegg er det 32 mindre informasjonstavler, 7 skilt om ferdselsreglar, 6 bronseplakettar og 100 verneområdeskilt.

I 2023 ble det oppretta eit nytt informasjonspunkt i Rånå, i samarbeid med Lesja kommune og Dovrefjell-Sunndalsfjella NP. Dette er etablert i samband med oppsetting av dagsturhytta på Rånåkollen og ny merka stig opp på «Rånåbue»





*Informasjonspunkt Rånå*



*Rånåbue, eit godt døme på kanalisering av ferdsel.*

## Nettside og brosjyre



Både besøkssida til Reinheimen nasjonalpark (<https://reinheimen.no>) og brosjyra ( [M-2563 Reinheimen-web.pdf \(nasjonalparkstyre.no\)](https://www.nasjonalparkstyre.no/2563-Reinheimen-web.pdf)) vart ferdig i 2023. Dette håper vi skal bidra til meir kunnskap om villrein, kulturhistoria, om besøkssentera / innfallsportane i nasjonalparken, og gje råd om ferdsel.

# 5 Tiltak og prosjekt

## 5.1 Kløvstien

Kløvstien er ein av dei prioriterte turstigane gjennom nasjonalparkstyret sin besøksstrategi, der den er ein del av ein viktig hovudinnfallsport til verneområdet. Arbeidet med parkeringsplass, rasteplass og toalett ved stigstart vart sett i gang i 2022 og fullført i løpet av 2023. Plakatar på cortenstålskilta blir produsert og monterte i 2024.

Det vart også laga ein flom- og skredrapport (sjå link: [Naturfareanalyse](#)) og ein sårbarhetsanalyse (sjå link: [Sårbarhetsanalyse](#)) over heile stigtraseen, frå startpunkt og til Stigfossen. Både sårbarhets- og naturfareanalysa, konkluderte med at dette er eit område der vi kan kanalisere ferdselen. I forhold til rasproblematikken så oppmodast det til skilting som åttvarar mot å gå i området ved store nedbørsmengder, og til å være varsam for ras på våren. Arbeid med skilting ved rasteplass/ turstig skal vidareførast i 2024.



For å unngå at bilane parkerte på kryss og tvers, ble det etablert parkeringsplass med parkeringsfelt der nedgrave steinar markere parkeringsfeltene (bilde over).



Bilene av parkeringsplassen før oppgradering tv (2022), og bilene etter oppgradering th (2023).



Rastebenk og bord fra Vestre og toalett fra Biorolla kom også på plass sommaren 2023. To lokale stiryddere har skrevet avtale med Reinheimen NP om å ta ansvar for å holde ved like Kløvstien og drifte toalettet. Tømming av toalettet har Møre og Romsdal fylkeskommune tatt på seg.



Flaumskadar på fyrste del av Kløvstien vart reparert i 2023, utført av J.O. Moen AS.



Bilete tv. av flumskada klopp, og bilete th. etter plastring av flombekk og montering av klopp.



Bilete tv. før plastring av flombekk, og bilete th.. etter plastring.

### Ny bru ved Kløvstien

Det vart hausten 2023 satt opp ei ny bru på ein flaumutsett bekk langs Kløvstien. Den nye brua er betre fundamentert på jordfaste steinar.

Bileta under viser gammal «bru» t.h., og ny bru produsert av Ny Sti AS tv.



## Stikurs på Kløvstien

I oktober vart det gjennomført stikurs i samarbeid med Miljødir./SNO, der fleire våte parti på Kløvstien vart utbetra.



Seks lokale «stigryddarar» deltok på kurset saman med SNO.



## 5.2 Besøkssenter for Reinheimen – Norsk Tindesenteret

I mai 2023 fekk Norsk Tindesenter autorisasjon som besøkssenter for Reinheimen. Før markeringa av dette, fekk vi ferdig informasjonspunktet ved inngangen til senteret. Dette var eit samarbeid med Rauma kommune og Norsk Tindesenter.



*Norsk Tindesenter autorisert som besøkssenter for Reinheimen nasjonalpark.*




*Nasjonalparkstyret for Reinheimen framfor informasjonspunkt utanfor Norsk tindesenter, ved opninga av besøkssenteret 26.10.23. Foto Thomas Rødstøl.*

### 5.3 Innfallsport ved Trollveggen, Eiafossen.

Området rundt Eiafossen ligg i Romsdalen landskapsvernområde like ved foten av Trollveggen (Reinheimen nasjonalpark), og har eksisterande infrastruktur med besøkssenter, toalett og parkering. I tillegg til verneområdeinteresser er det også oldtidsminner, lokalhistorie og friluftsiinteresser i området, samt laksefiske ved Rauma elv. I eit mulighetsstudie for innfallsportar i Reinheimen NP (2021), vart dette område utpeikt til å være ein innfallsport. Reinheimen nasjonalparkstyre bestilte eit forprosjekt med Nordveggen AS, for å utgreie ein rundtur frå parkeringsplassen og til Eiafossen (sjå link: [Forprosjekt -tursti-Eiafossen.pdf](#)).

Det vart utgreidd 4 alternative stigtraséar i forprosjektet, der alternativ 4 vart anbefalt.

Miljøfagleg utredning (MU) fekk oppdrag med å lage ei sårbarhetsanalyse (sjå link: [Sarbarhetsanalyse på Eiafossen](#)) på den anbefalte traséen.



Figuren viser Nordveggen sin anbefalte trasé (alternativ 4, blå stipla line), og MU sin anbefalte trasé (grøn stipla line) for å unngå sårbare naturtypar.

Rauma kommune søkte nasjonalparkstyret for Reinheimen om å lage ny stigtrase ved Trollveggen og fekk løyve til dette i styremøtet 30.11.2023 (ST 49/2023). Det vart satt vilkår om at [Sarbarhetsanalyse på Eiafossen](#), skulle leggjast til grunn ved val av stigtrasé og inngrep.

Arbeidet med ny stigtrasé og innfallsport ved Trollveggen vil fortsette i 2024.

## 5.4 Slettvikane

Hausten 2023 vart det arbeidd med ei landskapsskisse av parkeringsplassen på Slettvikane i samarbeid med Møre og Romsdal fylkeskommune. Den endelege skissa ser slik ut:



Illustrasjon: Henning -Larsen AS

Planen er å revegetere dei grønne felta og definere tydeleg områda der bilane kan stå parkert. Utarbeiding av denne parkeringsplassen med informasjonspunkt for Reinheimen nasjonalpark er tenkt skal skje ila 2024.




Nasjonalparkstyret for Reinheimen tildelte midlar til toalett på Slettvikane, som kom på plass i løpet av sommaren 2023. Møre og Romsdal fylkeskommune har med midlar frå nasjonalparkstyret kjøpt inn toalettet, og vil som vegeigar stå for drift og tømning av toalettet.

*Nytt toalett på Slettvikane. Foto: Arne Sandnes*



## 6 Skjøtsel


Reinheimen nasjonalparksyret har fleirårlege skjøtelsavtaler med fjellstyre, rettighetshavarar i statsallmenning og grunneigarar om skjøtsel i Finndalen Ivo, Lordalen Ivo, og i Brøstdalen, på Gravdehaug og Selen i Romsdalen Ivo. I 2023 ble det også sett i gang skjøtsel i Vermedalen i Romsdalen Ivo. Det er gjort avtale med Naturvernforbundet som skal gjennomføre slått på seterstulene og Marius Rømmem leiger ut Hereford kyr til å beite i eit avgrensa område ved bruk av nofence klaver.



Boergeit med Nofence klaver på naturbeitemark på «Gammel Sterringen» i Finndalen Ivo.

# Norges nasjonalparker

- Reinheimen er eit av dei største urørte høgfjellsområda i Sør-Noreg, der villmark med spor etter gamal fangstkultur pregar fjellområdet.
- Oppretta 2006, 3.største NP i landet med 1969 km<sup>2</sup>
- Villreinen sitt leveområde er hovudformål med vernet
- Dei høgste fjella er over 2 000 moh., medan det lågaste punktet ligg i Romsdalen ca. 130 moh.
- Nasjonalparken har mykje av det opphavlege fjelløkosystemet med villrein, jerv, kongeørn, jaktfalk og ryper.
- Reinheimen er særleg rik på kulturminne etter den gamle villreinfangsten, med fangstgroper, massefangstanlegg, bogestelle og restar av gamle buplassar til fangstfolka.
- Landskapsvernområda Finndalen, Lurdalen, Romsdalen, Tafjorden-Reindalen er verdifulle kulturlandskap, med rikt artsmangfald knytt til seterdrift, slått og beitebruk.



## Kontaktinformasjon Nasjonalparkstyret for Reinheimen

Telefon: +4761266204  
E-post: [sfinpost@statsforvalteren.no](mailto:sfinpost@statsforvalteren.no)  
Nett: [www.nasjonalparkstyre.no/Reinheimen/](http://www.nasjonalparkstyre.no/Reinheimen/)  
Post: Postboks 987, 2604 Lillehammer  
Besøksadresse: Norsk fjellsenter / Norsk Tindesenter